

PLANT - TRUSOPPLÆRINGSPLAN

RADØY

Mål, grunnlag og organisering

Hovedmål for trusopplæringa

Born og unge skal verta verande hjå Kristus når dei veks opp slik som dei i dåpen vart sameina med Han. Gjennom opplæringa skal born og unge bli kjent med "den store forteljinga" i Bibelen. Dei skal lære det kristne språket og kyrkja sin liturgi slik at dette språket vert fylt med innhald. Born og unge skal verte utfordra til disippelskap og engasjement i kyrkja og samfunnslivet.

Grunnlag og særpreg

Radøy er ein øy kommune i Hordaland. Samla areal er 111 km². Den grensar i aust til Lindås kommune, over fjordane rundt ligg Meland i sør, Askøy, Øygarden og Fedje i vest og Austrheim i nord. I 1964 vart kommunane Sæbø, Manger og Hordabø slegne saman til Radøy kommune. 1. januar 2015 hadde kommunen 5 014 innbyggjarar. Folket i Radøy har i uminnelege tider livnært seg av jorda og havet. Dagens jordbruk er basert på husdyrhald. Antal bruk i drift har her som elles minka mykje og hovudinntekta til dei som bur på gardane kjem stort sett frå arbeid utanfor bruket. Det er også berre eit fåtal som no driv fiske. Radøy har i nyare tid hatt ein del småindustri men utviklinga har gått mot fleire arbeidsplassar knytt til service og tenesteyting. Industri var tidlegare største næringa i kommunen. Her er framleis ein del næringsmiddel- og verkstad-industri samt produksjon av fiskereidskapar. Det er også ein del arbeidsplassar innanfor oppdrettsnæringane. Nær halvparten av dei yrkesaktive pendlar til andre kommunar, først og fremst Bergen og Lindås.

Radøy har fire barneskular, ein i kvar skulekrins, og felles ungdomsskule for heile kommunen. Barneskulane har til saman 439 elevar, ungdomsskulen har 213. Radøy har ikkje videregåande skule. Næraste allmenn- og yrkesfaglege skular er Austrheim og Knarvik. Manger folkehøgskule ligg på Manger og er eigd og driven av Hordaland fylkeskommune. Skulen har liner for brassband, musikkproduksjon, band, folkedans, ocean extreme og lyd.

Radøy sitt store innslag av landbruk gjer at øya ikkje utan grunn vert kalla "den grøne øya" og tusenårsstaden til kommunen er kulturlandskapet. Naturen på Radøy er rik på kontrastar, frå frodig skogsterren til myrar, vatn og forblåste lyngområde. I 2014 var Radøy utnemnt som barne- og ungdomskommune av Barne-, ungdoms- og familieliderekoratet. Radøy har eit kommunalt ungdomsarbeid og eit stort engasjement innanfor kultur og idrett. Manger sitt lokale musikklag ligg på verdstoppen i brassmusikk. I tillegg står lag, organisasjonar og andre frivillige på for å gje ungdomen eit godt og variert tilbod, både i idrett, musikk og kultur. Kommunen har nesten hundre aktive lag og organisasjonar innan mange ulike interesseområde. Musikk- og kulturskulen gjev tilbod innanfor musikk for elevar frå tre år og oppover. Tilbodet innan andre kunstartar enn musikk er under utvikling.

Det finst mange kulturminne, og kulturminnevern er ei høgt prioritert oppgåve.

Kommunen hadde tre sokn, Hordabø, Manger og Sæbø. Sokna vart slått saman i 2006. Kyrkja på Radøy har kontorlokale sentralt i Manger sentrum, der det er lett for folk å koma innom.

Vi har gjort biskopen og bispedømerådet i Bjørgvin sin visjon til vår. I kyrkja på Radøy vil vi saman ære Den treeinige Gud ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelyd og fremje rettferd.

Tidlegare har bedehuset på Manger hatt ett ungdomsarbeid med KRIKK som har hatt stor oppslutning. Dei fleste fra dette arbeidet har no begynt å studere/jobbe og arbeidet er nedlagt.

Organisering, rammer og ansvar

Kyrkjelyden brukar Gudsrikeleiken som eit systematisk og samanhengande grunnlag for trusopplæringsarbeidet.

Ansvarsfordeling kan vera som følgjer:

Soknerådet er hovudansvarleg for heile trusopplæringa. Dei skal med jamne mellomrom revurdere planen og gjere naudsynte endringar. Dei skal også hjelpe til med å rekruttera medarbeidarar til tiltaka.

Trusopplæringskoordinatoren har overoppsyn med gjennomføring av tiltaka og rapportering til bispedømekontoret. Han/ho har også ansvar for den pedagogiske kvaliteten i tiltaka. I tillegg har koordinatoren ansvar for utsending av invitasjonar og den grafiske utforminga av dei.

Presten har ansvar for det teologiske innhaldet i trusopplæringstiltaka.

Tiltaksansvarleg (løna eller uløna medarbeidar) har ansvar for det enkelte tiltak og gjennomføring av dette.

Tiltaksansvarleg rapporterer tilbake til koordinatoren.

Sekretæren hjelper til med utsending av invitasjonar og bestilling av materiell.

Kyrkjevergen (dagleg leiar) har hovudansvar for økonomi knytt til tiltaka og økonomisk rapportering.

Kyrkjemusikaren har hovudansvar for song og musikk i tiltaka, og planarbeid med kva for salmar born lærer i dei diverse tiltaka.

Av løna medarbeidarar i trusopplæringsarbeidet har me ein trusopplæringskoordinator i 60% stilling.

Årskul er liggje på ca. 55 born.

NB! 11-åringane har 3 tilbud: "La det gro!", "Utdeling av det NT" tidlig på året og "Lys Vaken" sein på året. Difor har vi valgt å ikke ha et opplegg for 12 åringer i 2016 men vi skal jobbe fram til å ha et opplegg til 2017.

Vedlegg:

- [Pensum i trusopplæringplan.pdf](#)
(/Files?fileID=4d08f606-654e-4f09-a188-992adffceee99)
- [Samarbeid kyrkje og skule .pdf](#)
(/Files?fileID=2f801a02-8649-4dc6-b6b5-15690c58ab0d)
- [Sammenheng, systematikk og teologi.pdf](#)
(/Files?fileID=332d7468-ca32-4603-8fab-8a097f279f9f)
- [årshjul_radøy.jpg](#)
(/Files?fileID=8b655386-fe94-4e1b-884b-a1df36816e56)

Sentrale dimensjoner

Samvirke med heimen og familien

Heimen er barnet sin viktigste trusopplæringsarena. I dåpen forpliktar både foreldre og fadrar seg til å lære borna å be, og til å bli kjende med Guds ord. Denne forpliktinga får dei ikkje åleine, men kyrkjelyden tar og del i den.

Vi har som mål å styrke trusopplæring på heimebane i ein tidlig fase ved å dele ut brosjyre om trusopplæringsarbeid i kyrkjelyden. Vi inviterer «hovufadder» til å hente ein «fadderpakke» med dåpslys, barnebibel, mm. ved markering av 1. og 2. dåpsdagen.

Jul og Påske er dei viktigaste høgtidene i kyrkja. Me har som mål å hjelpe familiene til å feire desse høgtidene på ein bevisst måte. På dåpskule på Sæbø har vi ein verkstad som hjelper til med dette ved bruk av «Jesse-treet». (Sjå vedlegg i tiltak "familieleir")

Tilrettelegging og involvering

-
- Føresette gis anledning til å mælda ifrå dersom barnet deira treng spesiell tilrettelegging.
 - Kyrkja undersøker kva dagar og tidspunkt som passar best for målgruppa og deira føresette (sjekk mot kulturkalender, dialog med føresette og klassekontakter)
 - I invitasjonen utfordrast føresette til å utføre einskilde oppgåver. Eksempelvis baking, henting, bringing, være tilstades.

Medverknad frå barn og unge

Som døypte er born fullverdige medlemmer i Kristi kropp og utrusta med Den Heilage Andes gåver. Dette tyde at born ikke berre er «framtidas kyrkje» men er kyrkja allereie no.

Gudstenesteverkstad er eit døme på korleis born og unge er likeverdige partnarar i kyrkjelyden sitt arbeid. Eit anna døme på medverknad frå born er «Kirkerottene» der born i 6-8 års alderen er medarbeidarar ved sal av billettar, DVD og lydbøker.

I Gudsrikeleiken er både born og vaksne elevar. Både borna og forteljaren hører på forteljinga og på kvarandre si undring og refleksjonar rundt forteljinga.

Vi har ein ambisjon om å hjelpe eldre born til å fortelje Bibelens forteljingar vidare til andre born. På søndagsskulen er det rom for dette sidan det er fleire alderstrinn som er samla. Nokon av borna har blitt forruleg med Gudsrikeleiken og med nokon av forteljingane. Det er rom for at dei kan fortelje dagens forteljing. Intensjonen er å styrke borna som fullverdige og kompetente medarbeidarar.

Vi har også eit leiartreningsopplegg til fjarårs-konfirmantar. Samstundes som ungdomane går gjennom kurset er dei med på konfirmasjonsarbeid eller søndagsskullearbeid som leiar.

Inkludering og tilrettelegging

Trusopplæringa er for alle, uansett kjønn, funksjonsevne og livssituasjon. Kyrkjelyden skal gjennom inkludering og tilrettelegging sikra at ingen fell utanfor trusopplæringa. Dette gjeld både dei som p.g.a. ulike funksjonshemminger treng særskilde tiltak og flyktningar/ innvandrarar med sine behov.

Alle kyrkjene er tilrettelagt for rullestolbrukarar og har handicap-toalett.

Når kyrkja sender ut påmeldingsskjema til ulike aktivitetar, er det alltid ein rubrikk for avkryssing av særskilde behov som allergiar, trong for assistent, m.m.

Ved behov for assistenter er det viktig med ein god dialog med foreldra og kommunen. Det er viktig å skaffa eit realistisk oversyn over trangen for ressursar, både m.o.t. personell og økonomi.

Gudsrikeleiken egner seg ypperlig også for menneske med utviklingshemming.

Gudsteneste

Trusopplæring førebud born til å delta i gudstenestelivet. Trusopplæring lærer born det kristne språket: forteljinga i bibelen, liturgien og kyrkjeåret og legg til rette for å møte Guds nærvær i det kristne felleskap.

I trusopplæringstiltaka forsøker me å ha en balansert fokus på bibelforteljingane, liturgi og kyrkjebygg. Born skal kjenne seg forruleg med alle dei tre elementar i gudstenestelivet slik at ord og handling er fylt med mening. I Gudsrikeleiken forteljingane er liturgi ofte intergrert i forteljinga. Døme på det er forteljingane i faste og påske der fargane i forteljinga endrar seg frå lilla til kvit til raud. (Sjå vedlegg konfirmasjonsforebung "Påskets ansikter" og "Å bli kjent med Jesus på en ny måte")

Gudstenesta og aktiv deltaking i gudstenesta er eit mål i trusopplæring. Dei fleste av tiltaka er i difor kobla opp til gudstenesta.

Diakoni

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste, der alle vert sett ut frå sine ressursar og behov. Det er evangeliet i handling og vert uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern av skaparverket og kampen for rettferd. (Jmf. diakoniplan for DNK.)

Born og unge skal gjennom trusopplæringstiltak lære medynk, empati og ansvar.

Nokon konkrete tiltak er direkte retta mot diakoni: Kirkens nødhjelp sin fasteaksjon og Pilegrimsvandring for born (med fokus på Skaparverket)

Misjon

Dåp, opplæring og misjon heng saman. Trusopplæringa utfordrar til både eit lokalt og globalt misjonsperspektiv. Radøy kyrkjelyd har eit eige misjonsprosjekt: Kyrkjelydsplanting i Estland som mellom anna har som mål å setje trusopplæring i fokus gjennom arbeid blant born og unge i Estland.

Mål: Integrere dette arbeidet i trusopplæring på Radøy slik at det vert skapt eit gjensidig engasjement.

Musikk og kultur

Gjennom heile trusopplæringa er musikk ein integrert del av opplegget. Det er eit mål at song og musikk kan vere ein faktor til å hugse og forstå bibelforteljingane og kva dei tyder for oss. Det er gjort eit arbeid med å knytte songar og musikk som passar inn i dei forskjellige tiltaka, og knytte dei opp mot bibeltekstar som hører heime der. Det er eit arbeid som og går over i gudstenesta, der salmane skal stå i forhold til tekstane.

På Radøy står musikklivet sterkt, både i brassmusikk og rockeverkstad. Ved fleire anledningar bidrar born og ungdom med sine musikale talent.

Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar

Det er både naturleg og viktig å samarbeide med dei andre organisasjonane i kommunen. På Radøy har vi eit uformelt samarbeid med bedehuset på Manger ved at vi forsøker å koble tidsavgrensa tiltak opp mot det kontinuerlige arbeid som bedehuset gjer: Ving og KRIK.

I tillegg har me eit samarbeid med NMS som bidreg til dåpsopplæring på dåpsskulen.

Vi har eit samarbeid med det lokale sogelaget, kystlaget, God Jord og Barnets Turlag om pilegrimsvandring. Sjå «Pilegrimsvandring til born» i tiltak.

Frivillig medarbeiderskap

Gud har utrusta oss alle med ulike gåver og trusopplæring er ei oppgåve for heile kyrkjelyden. Såleis kan trusopplæring ikkje berre overlatast til dei løna medarbeidarane. Rekruttering og oppfylgjing av frivillige medarbeidar vert også ein viktig del av trusopplæringsplanen.

Mål: Lage ein database over frivillige med oversikt over kven som kan kontaktast ved behov for medarbeidaran innan desember 2016.

Mål: Rekruttere til kurs i Gudsrikeleiken.

Tverrfagleg samarbeid

Innanfor staben har vi kompetanse innanfor teologi, pedagogikk, musikk og kultur, budsjett og rekneskap, administrasjon, IT og grafisk design og bygg/vedlikehald/reinhald. Vekentlege stabsmøter gjev eit godt grunnlag til tverrfagleg samarbeid. God kommunikasjon føreset at kompetanse vert brukt optimalt.

Vi har òg eit tverrfagleg samarbeid med skule og barnehage, sjå skule- og barnehage samarbeid.

Kommunikasjonsarbeid

For å no ut til folkesetnaden på Radøy brukar me diverse media. Kyrkjelyden har ein nettside. Alle

trusopplæringstiltak vert skildra her. Nettsida er lenkja opp til Facebook, Twitter og ein Youtube kanal.

Når born får invitasjon om eit trusopplæringstiltak i posten vil det altid vere ein link til websida og eventuelt eit påmeldingsskjema.

Kyrkjelyden har òg eit eige menighetsblad, Radar, som alle som bur på Radøy får i posten. Her har trusopplæringsarbeid regelmessig eit innslag.

En del av vår kommunikasjonsstrategi er å få minst 2 årlege oppslag i lokalavisa. Lokalavisa vert nytta til informasjon og lysingar for opne tiltak og presseomtale på førehand for store arrangement til døme "Pilegrimsvandring for born" og "Kirkerottene-teater".

I tillegg er plakatar og oppslag eit nyttig verkemiddel. Me har investert i redigeringsverktøy som hjelper til å presentere trusopplæringstiltak på ein visuell tiltalande måte.

Som medarbeidarar i kyrkja er me sjølv ein del av kommunikasjonen med måten me møter folk på. Den aller beste kommunikasjonen er dei relasjonane me byggjer i lokalsamfunnet!

Tiltak

Antall aktive tiltak:

16

Totalt antall timer:

178

Totalt antall timer samlet for målgrupper:

520

Alder	Namn på tiltaket	Omfang i samvær	Omfang i timer	Samlet for målgrupper
0	Dåpsamtale	2	3	3
0-18	Familieleir	3	16	304
1-2	Fadderpakke	2	2	4
3-5	Kirkerottene teater	1	2	6
4	Utdeling 4-årsbok	2	4	4
5	Søndagsskule	17	17	17
6-7	Dåpsskule	8	16	32
7-7	Hausttakkefest	2	4	4
8	Tårnagenthelg	2	6	6
8-10	Pilegrimsvandring for born	2	16	48
10	Gratulere med dåpen	2	6	6
11	La det gro!	1	2	2
11	Lys vaken	1	12	12
11	Utdeling av det Nye Testamentet	1	2	2
15	Konfirmasjonsforebuing	24	60	60
15	MEIR!	5	10	10

Tiltak i planen rettet mot det enkelte alderstrinn

Alderstrinn	0	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18
Antall	2	2	2	2	3	3	2	3	3	2	3	4	1	1	1	3	1	1	1

Dåpsamtale	Radøy
Aldersgruppe	
0	
Mål - Kva er formålet med tiltaket?	
Bygge relasjoner. Gje informasjon om trusopplæring i kyrkjelyden. Reflektere saman med foreldra/føresette om dåp og lovnader.	
Omfang	
Antall samlinger / samvær: 2	
Totalt antall timer: 3	
Totalt antall timer samlet for målgrupper: 3	
Ansvarleg	
Prest	
Kommentarer	
Vi henter inn kontakt info til hovedfadder som senere får ansvar/oppgaver i forhold til trusopplæring	
Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring	
Møte foreldra/føresette og la dei fortelje om barnet, og om tilknytinga til kyrkja og trua.	
Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon	
Den første trusartikkelen	
Skapt av Gud; Det vondes problem; Menneskeverd og menneskesyn; Glede og takksemd over skaparverket	
Den andre trusartikkelen	
Forsoning og frelse;	
Den tredje trusartikkelen	
Den heilage ande som gav til oss	
Sakramenta	
Dåp	
Fadervår og bønn	
Lystenning; Vår Far	
Bibelen	
Dåpsbefalinga	
Kyrkja	
Gudsteneste og ritual	
Samfunn av dei heilage	
Tema/innhold: Kristen tru i praksis	
Be Fadervår	

Delta i liturgien og salmane

Delta i dåpshandlinga

Bønn for og med barnet

Arbeidsmåter

Vi henter inn kontakt info til hovedfadder som seinare får ansvar/oppgaver i forhold til trusopplæring.

Informasjonsfoldar

Dåpssamtale

Dåpsgudsteneste

Dåpsklut

Informasjon til hovedfadder

Familieleir	Radøy
Aldersgruppe	
0-18	
Mål - Kva er formålet med tiltaket?	
Bornet og familien deira skal kjenne seg inspirert i truslivet.	
Bornet og familien deira skal kjenne seg sterkare knytta til til det lokale kyrkjelydsfellesskapet.	
Bornet og familien deira skal verte rusta til trusopplæring heime.	
Omfang	
Antall samlinger / samvær: 3	
Totalt antall timer: 16	
Totalt antall timer samlet for målgrupper: 304	
Ansvarleg	
Trusopplæringsmedarbeidar	
Kommentarer	
Familieleir i haustferie (i Fjon fjellkyrkje) med felleskap, pilegrimsvandring, Gudsrikeleiken og verksted.	
Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring	
Min familie hører til et større felleskap av truande mennesker.	
Min familie er også i felleskap av truande mennesker.	
Min familie kan tilnærme oss Gud heime.	
Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon	
Den første trusartikkelen	
Skapt av Gud; Det vondes problem; Menneskeverd og menneskesyn; Glede og takksemd over skaparverket	
Den andre trusartikkelen	
Jesus, den gode hyrde;	
Jesus er sann Gud og sann menneske	
Den tredje trusartikkelen	
Den heilage ande som gav til oss	
Kyrkje som Jesu lekam	
Den allmenne prestedømmet	
Fadervår og bønn	
Lystenning; Vår Far; Kristuskransen	
Bibelen	
Utval frå Det gamle testamentet med vekt på Messias-profetiane; Jule-evangeliet.	
Høgtider og merkedagar i kyrkjeåret	
Advent og Jul	

Tema/innhold: Kristen tru i praksis

Å spise sammen
Å be sammen
Å høre sammen Guds ord

Arbeidsmåter

Familiane skal oppleve og verte kjent med følgjande forteljingane:

-Ligninga om den gode hyrde.
-Advent: førebuing til Julens mysterium
Verksted med «Jesse treet»;
-Bli kjent med «Kristuskransen»

Vedlegg:

- [Jesse treet.pdf](#)
[\(/Files?fileID=acae2409-ec46-43d9-b997-0604f046289b\)](#)

Fadderpakke	Radøy
Aldersgruppe	
1-2	
Mål - Kva er formålet med tiltaket?	
Barnet skal ha ein aktiv fadder som utfører fadderoppdraget og engasjerer seg i bornet sitt trusliv. Truslivet i barnet sin familie skal verte styrka og utrustet.	
Omfang	
Antall samlinger / samvær: 2	
Totalt antall timer: 2	
Totalt antall timer samlet for målgrupper: 4	
Ansvarleg	
Wilco Vogelaar (Kyrkjelydspedagog)	
Kommentarer	
Fadder får invitasjon til å hente fadderpakke på kontoret og besøker borna ved markering av 1. års- og 2. års dåpsdagen. Det fylste året inneholder fadderpakken dåpslys og informasjonsbrosjyre. Det andre året barnebibelen «Bibelboka mi»	
Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring	
Fadrane får bidra til å formidle Guds kjærlighet til barnet gjennom å vise det omsorg og merksemd. Tekstene og sangene er livsnære og tar utgangspunkt i barnets utviklingsnivå.	
Tema/innhold: Kyrkjjas tru og tradisjon	
Den tredje trusartikkelen	
Det allmenne prestedømmet	
Fadder og fadderoppdraget	
Fadervår og bønn	
Lystenning; Vår Far; kveldsbønn og sang;	
Sakramenta	
Dåp	
Tema/innhold: Kristen tru i praksis	
Å forkynne Kristus	
Arbeidsmåter	
Hovudfadder får invitasjon til første og andre dåpsdagen til å hente dåpslys.	
Hovudfadder får informasjon på kyrkjekontoret om besøket.	
Hovudfadder besøker dåpsbarnet for å markere første og andre dåpsdag.	

Kirkerottene teater**Radøy****Aldersgruppe**

3-5

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Barn og unge skal få kunnskap og kjennskap til kyrkja dei høyrer til. Dette er et hovedelement i alle stykka med Kirkerottene, da både dokkene og presten spesifikt bruker kirkerommet og lyser på (med lommelykt) ulike objekt i kyrkjerommet, nettopp for at barna skal få kjennskap og et bevisst forhold til kirkerommet.

Borna får høre ei Jesus-fortelling.

Omfang

Antall samlinger / samvær: 1

Totalt antall timer: 2

Totalt antall timer samlet for målgrupper: 6

Ansvarleg

Trusopplæringsmedarbeider

Kommentarer

Kirkerotte-teater frå IKO kjem på besøk og har ein framsyning.

Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring

For teaterstykket med Kirkerottene og Viggo (Viggo i tårnet), er identitet et viktig tema. "De store spørsmålene: Hvor kommer jeg fra, Hvem er jeg?, Hvem vil jeg være?"

Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon

Den første trusartikkelen

Menneskeverd og menneskesyn; Identitet som skapt i Guds bilde;

Den andre trusartikkelen

Jesus som venn, frelsar og Herre;

Fadervår og bønn

Fri bønn og sang

Kyrkja

Samfunn av dei heilage

Kyrkjekunst, kyrkjekultur og kyrkjemusikk

Kyrkjerommet

Tema/innhold: Kristen tru i praksis

Å be: I alle teaterstykkena blir borna invitert til å gi respons underveis, og til å være med å synge aftensang/kveldsbørn underveis i stykket.

Å høre Guds ord: I alle teaterstykkena hører borna ei bibelfortelling som er fletta inn i teaterframvisninga

Arbeidsmåter

Teatergruppe fra IKO blir leid inn. Born i alderen 3-5 får ein invitasjon heim i posten med ein billett (som gjeld eit

born med følgje).

Det vert også satt opp plakater som annonserer teaterframvisning på møtepunktene i bygda.

Mål er også og få et oppslag i avis.

Salg av DVD og lydbøker i etterkant av forestilling.

Utlodning av barnebibel.

Vedlegg:

- [plakat_kirkerottene.jpg](#)
[\(/Files?fileID=2a3697e0-da44-46d5-ae27-647d32e53ea6\)](#)

Utdeling 4-årsbok**Radøy****Aldersgruppe**

4

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Borna kan 1 song frå 4-årsboka.

Borna har blitt kjent med "Vår Far"

Born har hørt lignelsen «Den gode hyrde» og fortellingen "Den gode hyrde i nattverdfelleskapet" fra Gudsrikeleiken.

Barnet har hørtt lignelsen lest frå Bibelen.

Barnet møter den Gode hyrde i nattverd.

Omfang

Antall samlinger / samvær: 2

Totalt antall timer: 4

Totalt antall timer samlet for målgrupper: 4

Ansvarleg

Trusopplæringmedarbeider / Prest

Kommentarer

4-åringane får delt ut 4-årsbok. Til dette får dei invitasjon til samling på laurdag med forteljing, boller og saft. På sundag deltar dei i gudstenesta.

Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring

Eg er kjent av den Gode hyrde, Han kjenner meg.

Eg hører til i Jesu felleskap og det er tryggt.

Kven er du Herre?

Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon

Den andre trusartikkelen

Jesus, den gode hyrde; Jesus møter og elskar mennesker; forsoning og frelse; Jesu død og oppstode

Den tredje trusartikkelen

Det allmenne prestedømmet

Fadervår og bønn

Vår Far

Sakramenta

Nattverden

Jesus tilstede i brød og vin

Tema/innhold: Kristen tru i praksis

Å be

Å syngja

Å høre Guds ord

Å delta i nattverd

Arbeidsmåter

4-åringar får ein invitasjon heim til 2 samling.

Bornet møter i 1. samling forteljing om "den gode hyrding" og lærer sangen "Her går ei trusfast gjetar"

Bornet hører fortellingen "Den gode hyrde i nattverd felleskapet" på søndag i Gudstjeneste og kan gå til nattverd i etterkant.

Me delte ut boka «Mi eiga kyrkjebok». Vurderer å skifte til «Bo og Nora» boka.

Vedlegg:

- [DEN GODE HYRDE I NATTVERDSFELLESSKAPET.pdf](#)
[\(/Files?fileID=3968264a-bec1-42c6-a471-c5f2c53f8f4d\)](#)
- [DEN-GODE-HYRDE.pdf](#)
[\(/Files?fileID=2894cc9c-67ff-413a-ab74-f93bc898b9ab\)](#)
- [invitasjon.png](#)
[\(/Files?fileID=34c8f31f-3b71-46c6-a91f-5c80808e90d6\)](#)
- [utdeling 4-årsbok.pdf](#)
[\(/Files?fileID=2540753b-27a3-45a0-a97c-144b207b1fe7\)](#)

Søndagsskule	Radøy
Aldersgruppe	
5	
Mål - Kva er formålet med tiltaket?	
Borna skal få høre av dei viktigste fortelljingar i bibelen. Sjå «pensum søndagsskule».	
Borna skal reflektere og lære å undre seg over forteljingane.	
Borna skal bearbeide forteljingane gjennom leik og kreative aktivitetar.	
Omfang	
Antall samlinger / samvær: 17	
Totalt antall timer: 17	
Totalt antall timer samlet for målgrupper: 17	
Ansvarleg	
Trusopplæringsmedarbeider	
Kommentarer	
5-åringar samlar til sundagsskule under gudsteneste til forteljing, sang og leik.	
Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring	
Å lære det kristne spåketet for å gi utrykksformer i Gudsforholdet	
Å forberede seg til gudstjenestedeltaking.	
Kven er du Herre?	
Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon	
Sjå vedlegg 1 "Pensum søndagsskule Radøy"	
Tema/innhold: Kristen tru i praksis	
Å høre Guds ord	
Å be	
Å reflektera	
Å syngja	
Å leike	
Arbeidsmåter	
Gudsrikeleiken (sjå vedlegg for mer informasjon)	
Vedlegg:	
<ul style="list-style-type: none"> • invitasjon_søndagsskulen1.pdf (/Files?fileID=63539a7d-ae44-4f6d-81bf-bddb15d00d60) • pensum_søndagsskule.pdf (/Files?fileID=b36c932a-e43a-494e-9191-d847229775fd) 	

Dåpsskule	Radøy
Aldersgruppe	
6-7	
Mål - Kva er formålet med tiltaket?	
Borna skal bli kjende med 8 forteljingar om påske (Rekke 1) Borna skal lære dei følgjende songar: «Måne og sol», «Dei satt ved stengte dører...» Borna skal bli kjende med 8 forteljingar om jul. (Rekke 2) Born skal lære 2 adventsongar.	
Omfang	
Antall samlinger / samvær: 8 Totalt antall timer: 16 Totalt antall timer samlet for målgrupper: 32	
Ansvarleg	
Prest / trosopplæringmedarbeider	
Kommentarer	
Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring	
Å lære det kristne spåket for å gi utsynsformer i Gudsforholdet Å forberede seg til gudstjeneste deltagning.	
Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon	
Den første trusartikkelen Menneskeverd og menneskesyn; Det vondes problem; Guds omsorg for den skapte verda; Glede og takksemd over skaparverket	
Den andre trusartikkelen Jesus er sann Gud og sant menneske; Jesus openberra Guds gode vilje; Jesus møter og elskar mennekse; forsoning og frelse; Jesu død, oppstode og himmelferd; Jesus er nær til oss	
Den tredje trusartikkelen Det allmenne prestedømmet	
Fadervår og bønn Fri bøn, sang	
Sakramenta Nattverd	
Bibelen Se pensum dåpsskule	
Tema/innhold: Kristen tru i praksis	

Å høyre Guds ord saman

Å be saman

Å syngja saman

Å spise saman

Arbeidsmåter

Born blir hente fra SFO og levert tilbake ditt.

Gudsrikeleiken

Foreldre og born får invitasjon til 2 x 3 samlinger i vinteren og våren, før jul (slutten av november) og mellom påske og pinse.

Samlingene begynner med eit måltid. Deretter samler vi til forteljarstund, undring og sang.

Sjå vedlegg «Dei fire hovudelementar i ein Gudsrikeleikensamling»

Vedlegg:

- [Invitasjon dåpsskulen.pdf](#)
[\(/Files?fileID=dcf88691-7736-4fd9-a6f9-67869a9e1881\)](#)
- [pensum dåpsskule.pdf](#)
[\(/Files?fileID=9e01510c-668f-4ec9-8df7-fa71f028e08c\)](#)

Hausttakkefest	Radøy
Aldersgruppe	
7-7	
Mål - Kva er formålet med tiltaket?	
Borna har blitt kjende med forteljinga om Josef.	
Borna har lært salme "..."	
Borna har fått utdelt aktivitetsboka «Alle gode ting»	
Omfang	
Antall samlinger / samvær: 2	
Totalt antall timer: 4	
Totalt antall timer samlet for målgrupper: 4	
Ansvarleg	
Trusopplæringsmedarbeider	
Kommentarer	
Samling med forteljing om Josef og ein gudstjeneste der borna dramatiser Josef-forteljinga.	
Me lager grønnsakssuppe og på søndag får borna bære inn "markens grøde" i prosesjonen.	
Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring	
Forteljing: Josef,	
Tema: Gud sørger for oss, me sørger for kvarandre.	
Josef måtte være ein klok forvaltar og om korleis Gud vendte alt til det gode.	
Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon	
Den første trusartikkelen	
Guds gode omsorg; menneskeverd og menneskesyn	
Den tredje trusartikkelen	
Det allmenne prestedømmet	
Fadervår og bønn	
Lystenning; Vår Far	
Bibelen	
Josef	
Tema/innhold: Kristen tru i praksis	
Å takke Gud	
Å syngja og å lytta.	
Arbeidsmåter	
Invitasjon heim i posten	
Utdeling av boka "Alle gode ting"	
På laurdagssamlingen forteljing... og baking av de flate brødet	

På søndag skal dette brødet bli brukt i nattverd.

Vedlegg:

- [hausttakkefest-01.jpg](#)
(/Files?fileID=f6b40dca-cc60-4c66-aded-2eabcf6d438)
- [Historien-om-Josef.pdf](#)
(/Files?fileID=0fbbeb9d5-8e78-4b7f-94c2-4fa7c83b87da)

Tårnagenthelg	Radøy
---------------	-------

Aldersgruppe

8

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Bornet skal få høyre og verta kjent med den siste veka i Jesu liv. (Sjå vedleg for innhold)
 Bornet skal verta kjent med Den gode hyrde og hans bord (nattverdbordet)
 Bornet skal verta kjent med kirkebygget, og klokketårnet og det som står skrevet på klokka "Land, land, land!
 Hør Herrens ord!"
 Bornet skal ha fått sterkere tilhørighet til kyrkjebygget og menighetsfellesskapet.

Omfang

Antall samlinger / samvær: 2

Totalt antall timer: 6

Totalt antall timer samlet for målgrupper: 6

Ansvarleg

Trusopplæringsmedarbeider

Kommentarer

Born er samla i kyrkja for utforske kyrkjebygget og spesielt tårnet. Borna får oppgåver og hører eit utdrag frå Jesu' liv og Den gode hyrde i nattverdfelleskapet. På sundag er dei med som medliturg på gudstenesta.

Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring

Å kjenne at jeg hører til i kyrkja, og hos Gud.

Å kjenne seg trygg hos Den gode hyrde som kjenner navna våre og som inviterer meg til hans bord.

Erfare at samarbeid gjer oss sterke, og at eg kan vera med på å vera noko for andre. Min rolle i vennskap og relasjoner. Bli hørt, sett og ansvar for å sjå andre. Å mestre oppdrag.

Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon

Den andre trusartikkelen

Jesus som venn, frelsar og Herre; Utdrag fra Jesu liv; Jesu død og oppstandelse,

Den tredje trusartikkelen

Det allmenne prestedømmet

Fadervår og bønn

Lystenning; Vår Far;

Sakramenta

Nattverd og forlating for syndene

Kirkekunst, kirkeklokker, kirketårn, liturgi

Tema/innhold: Kristen tru i praksis

Å be

Å syngja
Å høre Guds ord

Arbeidsmåter

Bornet får invitasjon heim i posten med henvisning til påmelding på websida. (Sjå vedlegg for program)

Oppgåver i kyrkja (Sjå vedleg "Skattejakt for 8 åringer"), lek og gudsrikeleiken.

Vedlegg:

- [DEN GODE HYRDE I NATTVERDSFELLESSKAPET.pdf](#)
(/Files?fileID=9beca32a-0958-4325-9c0a-4f2228e8e7d6)
- [invitasjon foreldre:foresette.pdf](#)
(/Files?fileID=95aea1da-7c92-4c38-b19b-145db6e5f4ba)
- [konvelut C5 tårnagenthelg.pages.zip](#)
(/Files?fileID=bb0b59e5-6342-4e33-acc6-45340c2f1dcd)
- [program tah.pdf](#)
(/Files?fileID=918a4869-c190-4404-b2d5-7fe82a344979)
- [Påskets ansikter samlet.pdf](#)
(/Files?fileID=008311b5-3b80-4f79-b989-971e542963e1)
- [Skattejakt-for-8-aringer.pdf](#)
(/Files?fileID=49abd924-1cea-4fc2-937a-8f29d79ff301)
- [tårnagenthelg - invitasjon born.pdf](#)
(/Files?fileID=f58ddc6b-0179-442d-a457-d4aac49c4961)

Pilegrimsvandring for born**Radøy****Aldersgruppe**

8-10

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

rekke 1:

- Borna skal ha hørt fortellingane om Skapelsen, Syndefallet og Storflaumen og arken
- Borna skal lære dei følgjende songar: «salme 297 "Syng for Herren" og "Gud skapte stjerner"»
- Borna skal, gjennom leik og vandring ha reflektert over forholdet mellom fridom og ansvar for medmenneske og skaparverket.

rekke 2:

- Borna skal ha hørt forteljingane om Utgangen av Egypt, Loven og Moses.
- Borna skal lære dei følgjende songar: «salme 786 "Jeg er trygg hos deg"»,
- Borna skal, gjennom leik og vandring ha reflektert over forholdet mellom fridom og ansvar for medmenneske og skaparverket.

rekke 3:

- Borna skal ha hørt et utdrag fra Jesu liv i 3 delar:

del 1: Jesu fødsel, Forklaring på fjellet, Oppstandelsen

del 2: Jesu Galilea tjeneste

del 3: Jesu Judea tjeneste

- Borna skal lære dei følgjende songar: "Men alle som tok imot Ham"
- Borna skal, gjennom leik og vandring ha reflektert over forholdet mellom fridom og ansvar for medmenneske og skaparverket.

Omfang

Antall samlinger / samvær: 2

Totalt antall timer: 16

Totalt antall timer samlet for målgrupper: 48

Ansvarleg

Trusopplæringsmedarbeider

Kommentarer

Pilegrimsvandring for born er eit samarbeid med Kystlaget, Sogelaget, Aktivitetsgarden «God Jord», seilbåten «Suniva» og kyrkja.

Born vandrer fra «stasjon til stasjon» og møter ei forteljing (frå bibelen, soga frå Radøy i gamle dagar, etc. Sjå bilag «Pilegrimsvandring»

Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring

Kva tyder / inneber fridom?

Korleis står fridom og ansvar i tilhøve til kvarandre?

Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon

Den første trusartikkelen

Menneskeverd og menneskesyn; Glede og takksemd over skaparverket; Frihet og ansvar; forvalteransvar

Den tredje trusartikkelen

Synd og omvending, vedkjenning og tilgiving; Andens frukt og Andens gaver

Fadervår og bønn

Lystenning; Vår Far

Kyrkja

Samfunn av dei heilage

Kyrkjekultur og kyrkjemusikk

Tema/innhold: Kristen tru i praksis

Å høre Guds ord

Å syngja sanger

Å leke med- og i naturen

Å spise saman (grillmat)

Arbeidsmåter

Pilegrimsvandring for born er eit samarbeid med Kystlaget, Sogelaget, Aktivitetsgarden «God Jord», seilbåten «Suniva» og kyrkja.

Born vandrer fra «stasjon til stasjon» og møter ei forteljing (frå bibelen, soga frå Radøy i gamle dagar, etc.)

Pilegrimsvandring går til fots og med robåt og seilbåt.

Se bilag «Pilegrimsvandring»

Vedlegg:

- [Avisa Nordhordland - Eit paradis for pilegrimsvandring.pdf](#)
(/Files?fileID=de67dd70-dfeb-4b67-904d-bf2cec82939e)
- [Den største lignelsen 2.zip](#)
(/Files?fileID=2b3aab3-6e1f-4cf9-8f76-78b9778c8f2f)
- [pilegrimsvandring for born.pdf](#)
(/Files?fileID=22274b4b-4777-4755-bf61-2e91baf8648e)
- [pilegrimsvandring.jpg](#)
(/Files?fileID=a1e7c6bb-9049-474d-915e-168787f7da72)

Gratulere med dåpen

Radøy

Aldersgruppe

10

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Borna skal ha hørt forteljinga «Dåpen» frå Gudsrikeleiken.

Borna har lært salme «....»

Borna har fått dåpen presentert gjennom forteljer-handske.

Omfang

Antall samlinger / samvær: 2

Totalt antall timer: 6

Totalt antall timer samlet for målgrupper: 6

Ansvarleg

Trusopplæringsmedarbeider

Kommentarer

Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring

Hvilken betydning har dåpen for meg?

Kven er du Herre? Kva har du gjort for meg?

Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon

Den første trusartikkelen

Skapt i Guds bilde; Det vondes problem;

Den andre trusartikkelen

Jesus som venn, frelsar og Herre;

Den tredje trusartikkelen

Misionen, den verdensomspennande kyrkja og den lokale kyrkjelyden; synd og omvending; håpet om oppstode og evig liv

Fadervår og bønn

Lystenning; Vår Far

Kyrkja

Samfunn av dei heilage

Tema/innhold: Kristen tru i praksis

Å syngja, å be, å høyre Guds ord

Arbeidsmåter

Gudsrikeleiken

Dåphandske

Vedlegg:

- DÅPEN.docx
[\(/Files?fileID=8629c797-fe66-4bec-8ffa-fbb19a8f4630\)](/Files?fileID=8629c797-fe66-4bec-8ffa-fbb19a8f4630)
- gratulere med dåpen.pages.zip
[\(/Files?fileID=df49f0b3-10ff-4cf9-b147-b49142cf6d9d\)](/Files?fileID=df49f0b3-10ff-4cf9-b147-b49142cf6d9d)
- Uten navn-1.pdf
[\(/Files?fileID=a6a1df9d-128f-4d8c-810f-33ffb7c3cc3a\)](/Files?fileID=a6a1df9d-128f-4d8c-810f-33ffb7c3cc3a)

La det gro!**Radøy****Aldersgruppe**

11

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Borna har hørt likninga om «sennepsfrøet»

Borna har undra og reflektert rund likninga og kvifor Jesus bruker denne likninga når han skal fortelja om «Himmelets rike»

Borna forstår korleis dei kan finne fram i Det nye testamentet.

Borna har fått sådd ei sennepsfrø.

Borna har fått utdelt «frøpose med bibeltekster»

Omfang

Antall samlinger / samvær: 1

Totalt antall timer: 2

Totalt antall timer samlet for målgrupper: 2

Ansvarleg

Trusopplæringsmedarbeider

Kommentarer

Samling i etterkant av utdeling Det nye testamentet med fokus på livsforvandlende kraft av Guds ord.

Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring

Kven er du Herre?

Korleis er Guds rike?

Hvordan kan tru vokse i mitt liv?

Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon

Den første trusartikkelen

Grensesprengende liv og forvandlingskraft i skaperverket

Den andre trusartikkelen

Jesus, som konge i Guds rike

Den tredje trusartikkelen

Grensesprengende liv og forvandlingskraft i Guds rike

Bibelen

Det nye testamentet

Likninga om sennepsfrøet

Salme 139,14; Matt 22,37-39; Rom 3,23; Rom 5,8; Rom 5,1

Tema/innhold: Kristen tru i praksis

Å undre seg over Guds ord, livets kraft og Guds rikes grensesprengende kraft til forvandling.

Arbeidsmåter

Invitasjon heim i posten med påmelding på netsida; Gudsrikeleiken forteljing; Bibelquiz; plante et sennepsfrø; spise boller og drikke saft
Barne skal bli kjende med 5 sentrale bibeltekster ved at dei for utdelt ein frøpose med markblomsterfrø, presset inn i rispapir. På 5 rispapirark står 5 forskjellige tekster (se vedleg).

Vedlegg:

- ladetgro1.jpg
(/Files?fileID=ed2f66b7-b5c0-4de8-b5a0-d7aed87e4da5)
- LIKNINGA-OM-SENNEPSFRØET.pdf
(/Files?fileID=11f0884b-41e2-42b5-9e9f-623b219d03aa)
- program la det gro.pdf
(/Files?fileID=80ba8e50-1c51-4225-9155-9cf0e68d22f3)

Lys vaken	Radøy
Aldersgruppe	
11	
Mål - Kva er formålet med tiltaket?	
Borna har hørt adventforteljingane fra Gudsrikeleiken. (eller) Borna har hørt Julens Mysterium fra Gudsrikeleiken Borna har lært salmen «Kristus er verdens lys» Borna har lært «Lys vaken sangen»	
Omfang	
Antall samlinger / samvær: 1 Totalt antall timer: 12 Totalt antall timer samlet for målgrupper: 12	
Ansvarleg	
Trusopplæringsmedarbeider	
Kommentarer	
Tiltak med overnatting i kyrkja.	
Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring	
Eg kan vere lys vaken overfor meg sjølv, Gud og andre. Kven er du Herre? Korleis taler du til meg?	
Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon	
Den første trusartikkelen Menneskeverd og menneskesyn;	
Den andre trusartikkelen Jesus er sann Gud og sant menneske; Jesus openberre Guds gode vilje	
Den tredje trusartikkelen Det allmenne prestedømmet	
Fadervår og bønn Lystenning; Vår Far	
Bibelen Messias profetier frå GT Samuel i templet Juleevangeliet	
Kyrkje Kyrkjekultur og kyrkjemusikk	

Tema/innhold: Kristen tru i praksis

Den gyldne regelen
Medarbeidarar i gudstenesta
Be bønner
Syngje
Aktivitetar og leik
Gudstenesteverkstad
Forteljing og samtale

Arbeidsmåter

Invitasjon heim i posten med påmedling på netsida;
sjå program som vedlegg
Me inviterer ordføreren (som den "hemmelige" gjest). Da hans oldefar beygde kyrkja på Sæbø kunne han fortelje mykje om historikken til kyrkjebygget.

Vedlegg:

- [Dugnad Lys Vaken.pages](#)
(/Files?fileID=e4fe115f-932d-4022-9b5c-b1f3f3ad10f6)
- [Invitasjon lysvaken.pdf.pdf](#)
(/Files?fileID=86b9acf1-1e38-42f5-9180-6c047cd69609)
- [Julens mysterium - fordypning.docx](#)
(/Files?fileID=866f4b88-5bd5-48d1-bb7e-8b1c06f1d19e)
- [Lysvaken dugnad:pakkeliste 15.pdf](#)
(/Files?fileID=fdbcae04-adfb-448e-8422-5b15963e198b)
- [Lysvaken infobrev 15 kopি.pdf](#)
(/Files?fileID=b55cb719-e038-4516-a653-9af5878de978)

Utdeling av det Nye Testamentet	Radøy
Aldersgruppe	
11	
Mål - Kva er formålet med tiltaket?	
Born skal få sin egen bibel	
Born skal begynne å lese i den	
Omfang	
Antall samlinger / samvær: 1	
Totalt antall timer: 2	
Totalt antall timer samlet for målgrupper: 2	
Ansvarleg	
Prest	
Kommentarer	
Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring	
Identitet i Guds ord	
Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon	
Bibelen - Guds ord	
Tema/innhold: Kristen tru i praksis	
Lese bibelen	
Å høre Guds ord	
Bibelforteljingar	
Arbeidsmåter	
Invitasjon i postkasse	
Utdeling i gudstenesta	

Konfirmasjonsforebuing	Radøy
Aldersgruppe	
15	
Mål - Kva er formålet med tiltaket?	
Konfirmanten skal ha fått ein heilskapleg oversikt over kristen tru og det kristne livet. Konfirmanten skal ha arbeidet med truvedskjenninga, Vår far og boda. Konfirmanten skal vere fortruleg med gudstenesta og sakramenta (dåp og nattverd) Konfirmanten skal kjenne Den store forteljinga til bibelen, sett i ljós av si eiga forteljinga og forteljinga til fellesskapet. Konfirmanten skal lære 5 salmer i løpet av konfirmasjontida.	
Omfang	
Antall samlinger / samvær: 24 Totalt antall timer: 60 Totalt antall timer samlet for målgrupper: 60	
Ansvarleg	
Prest	
Kommentarer	
Konfirmasjonsførebuing med undervisning, forteljing, song, leir, lek, mm.	
Tema/innhold: Livstolkning og livesmeistring	
Konfirmasjonstida skal fremme opplevinga av eigeverd og leggje til rette for at konfirmantane kan sjå seg som skapt, elска, frelst og halde oppe ved Guds kjærleik.	
Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon	
Se pensum konfirmasjonsforebuing.	
Tema/innhold: Kristen tru i praksis	
Røyne evangeliet gjennom handling, bøn, song, diakoni og misjon.	
Arbeidsmåter	
Kristuskransen, Gudsrikeleiken, Taize, leik, song, lyttenning, bøn	
Vedlegg:	
<ul style="list-style-type: none"> • konfirmasjons undervisning.pdf (/Files?fileID=4ff40ed2-84dc-4e08-8931-38add6f11a5b) • Sanger fra iona og taize.pdf (/Files?fileID=5c0c3165-e820-456f-b15f-ddca0d5de825) • SIKT13.pages.zip (/Files?fileID=0a628c2f-ea84-48b2-a1bd-f90f203e67e9) 	

MEIR!	Radøy
Aldersgruppe	
15	
Mål - Kva er formålet med tiltaket?	
Ungdommens trusliv er styrket. Ungdommen har utvikla leiaridentitet Ungdommen har visjon for å bidra i kyrkjelyden Ungdomsarbeidet bygges og er styrka.	
Omfang	
Antall samlinger / samvær: 5 Totalt antall timer: 10 Totalt antall timer samlet for målgrupper: 10	
Ansvarleg	
Trusopplæringmedarbeider / Prest	
Kommentarer	
Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring	
Kva er min plass i kyrkje og samfunnet?	
Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon	
Den første trusartikkelen Forvaltaransvar	
Den andre trusartikkelen Jesus som venn, frelsar og Herre;	
Den tredje trusartikkelen Det allmenne prestedømmet	
Fadervår og bønn Lystenning; Vår Far	
Kyrkja Samfunn av dei heilage	
Tema/innhold: Kristen tru i praksis	
Å vere saman rundt Guds ord, bønn og undervisning.	
Arbeidsmåter	
Vi bruker MILK kurset fra KFUK/KFUM	

Passive tiltak (gjennomførast ikkje i år)

Antall passive tiltak:

2

Totalt antall timer:

33

Totalt antall timer samlet for målgrupper:

123

Babysong	Radøy
Aldersgruppe 0-2	
Mål - Kva er formålet med tiltaket? Barnet skal få sine første inntrykk av kyrkja Barnet skal få oppleve kristne songar og melodiar	
Omfang Antall samlinger / samvær: 6 Totalt antall timer: 9 Totalt antall timer samlet for målgrupper: 27	
Ansvarleg Frivillige	
Kommentarer Samlingane med song og leik i kyrkjerommet for dei minste borna. Gjennom tiltaka byggjer me videre relasjon til familiar i ein tidleg fase av borna sitt liv. Borna og ikkje minst foreldra har anledning til å bli "husvarm" i kyrkja.	
Tema/innhold: Livstolkning og livesmeistring Gi ord og tryggleik til å praktisere tru heime og i kyrkja	
Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon Den første trusartikkelen Menneskeverd og menneskesyn; Glede og takksemd over skaparverket	
Den andre trusartikkelen Jesus som venn, frelsar og Herre;	
Den tredje trusartikkelen Det allmenne prestedømmet	
Fadervår og bønn Lystenning; Vår Far	
Kyrkja Samfunn av dei heilage Kyrkjekultur og kyrkjemusikk	
Tema/innhold: Kristen tru i praksis Syngja Felleskap Leik	
Arbeidsmåter Samlingane med song og leik i kyrkjerommet for dei minste born.	

Ung messe	Radøy
Aldersgruppe 15-18	
Mål - Kva er formålet med tiltaket? Ungdommen har fått eigarskap til kyrkjelyden Ungdommen har fått utvikla eit personleg forhold til Gud Ungdommen har blitt utrustet med bønn og sang for å gje uttrykk i Gudsforholdet.	
Omfang Antall samlinger / samvær: 6 Totalt antall timer: 24 Totalt antall timer samlet for målgrupper: 96	
Ansvarleg Prest	
Kommentarer Gudsteneste til og frå ungdom	
Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring Kyrkjelyden er mitt felleskap der eg kan bidra og kan uttrykka meg	
Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon Sakramenta Nattverd Den tredje trusartikkelen Det allmenne prestedømmet	
Fadervår og bønn Lystenning; Vår Far; fri bønn, lovsang og tilbedelse	
Kyrkja Samfunn av dei heilage Kyrkjekultur og kyrkjemusikk	
Tema/innhold: Kristen tru i praksis Å syngja, be, lytta og gje.	
Arbeidsmåter Taize	

Øvrige tiltak

Hordabø barnekantor

Radøy

Aldersgruppe

3-12

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Born skal bli kjent med kristne songar, tradisjonar og bibelforteljingar

Ansvarleg

Frivillige

Sæbø barnekor

Radøy

Aldersgruppe

6-12

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Born skal bli kjent med kristne songar og bibelforteljingar

Ansvarleg

Frivillige